

Plan- og bygningsetaten i Bergen  
Byplanavdelingen  
Postboks 7700  
5020 Bergen

Bergen 14.4.2022

## **Oppstart av plan for ny omkjøringsveg i Ytrebygda. Innspel til reguleringsplan innan rammene av BLÅE-planen.**

Bybo AS har varsla oppstart av plan for ny omkjøringsveg utanom Blomsterdalen, innanfor rammene av Kommunedelplan for Birkeland, Liland, Ådland og Espeland (BLÅE-planen). Bakgrunnen for denne vegen er delvis krav frå Statsforvaltaren for å godkjenne dei planlagte 800 «nullutsleppsbusstader» aust for Hjellevadvegen ved Ådland, også kalt Zero Emission Buildings (ZEB). Kravet er grunnlagt i at feltet ligg i gul flystøysone, og delvis i ønsket om å unngå biltrafikk frå ZEB gjennom bydelssenteret i Blomsterdalen. Dette har også vore ei målsetting for byplanleggarane, som ligg til grunn for heile BLÅE-planen. Av denne grunn har Bergen kommune sett på vent planen om boligfelt B3, B5 og barnehagefeltet T2 aust og vest for Hjellevadvegen til dess Statsforvalteren sitt krav er oppfylt.

### **Naturmiljø og friluftsliv**

Konsekvensutgreiinga i BLÅE-planen viser også at i dalsøkket mellom Vestretjøna og Ådlandstjøna er plotta inn verneverdige naturtypar, hovudsakleg våtmark, med eit rikt dyre- og planteliv. Våtmarksområdet her grensar til den planlagte omkjøringsvegen. Her er tett næringsrik krattskog av bjørk, selje, rogn og hassel rundt myrområdet, som elles dominerast av lyssiv, gråstarr, flaskestarr, slåttestarr, strandrør, tepperot, myrtistel, skogsiv, storsyre, bringebær, revebjølle, stankstorkenebb og geitrams. Her går eit hjortetrekk over området og det er observert raudlista arter og potensiale for holer eiketree. Det er planlagt gang- og sykkelstig gjennom det nemnte dalsøkket, aust for Vestretjøna og vidare sørover til Ådlandsvatnet og Hjellevadvegen. Bymiljøetaten skriv at dei vurderer at *«aktuelle planforslag vil gi svært store negative konsekvenser for naturmangfaldet i området»*, og vidare *«Det bør gjennom planarbeidet gjøres en reell vurdering av behovet for vegtrase med foreslått plassering – og mulige alternative plasseringer med tydelig grøntfaglig tinærming til valg av løsning»*. Norconsult som leiar arbeidet med omkjøringsvegen, viser til rekkefølgekravet frå Statsforvaltaren om at vegen må «sikres gjennomført» før godkjenning, noko som inneber at vegen må sikrast fullfinansiering først, og dette er igjen avhengig av godkjent reguleringsplan. Dette kan tidlegast vera klart i 2023. I mellomtida har vi ingen garanti mot at Statsforvaltaren set foten ned for byggeprosjektet, derfor er det førebels lagt på vent. Dersom det kjem fleire innvendingar frå Statsforvaltaren, må det ein ny runde til i departementet, noko som truleg vil forlenga prosjektet ytterlegare.

I tillegg til dei spesifikke merknadene våre til naturmangfaldet kring Vestretjøna og tidlegare kommentarar til utbygginga på Liland har vi og meir generelle merknader til BLÅE-planen. Byrådet uttalar: *«Strandsone, LNF-områder og friluftsliv Planområdet har store verdier og interesser for friluftsliv i strandsonen og i store LNF-områder. Etter byrådet sin vurdering sikrer planforslaget areal for allment friluftsliv og tilrettelegger for vidare utvikling med tilgjengelighet med gangveger og turstier langs kysten og gjennom naturområdene mellom kysten og bebyggelsen. Byrådet vil også understreke at planforslaget avklarar en langsiktig byggegrense («Marka-grense») mot store LNF-områder sør for Skagevegen og Espelandsvegen. Byrådet anser at planforslaget følger opp målsettinger for forvaltning av strandsonen i kommuneplanen, herunder en «stram» politikk overfor forslag om nye naust og småbåthavner.»* NVH sluttar seg til Byrådet si vurdering på dette punktet, og til behovet for ei markagrense mot skogområdet lenger sør, som er tilrettelagt for turbruk, og der

det påtenkte byggefeltet på Ådland vil gripa inn i friluftsverdiane.

### **Omsyn til jordvern**

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) viser til tidlegare klage av 17.11.2017 frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland til Kommunal- og Arbeidsdepartementet på BLÅE-planen generelt og til krav om lovlighetskontroll i Bergen bystyre av 18.10.2017 grunna feil saksbehandling. I klagen blir det påpeika at BLÅE-planen er i strid med dei nasjonale målsettingar om jordvern, fordi den omdisponerer meir enn 1 000 daa dyrka og dyrkbar jord frå LNF-område til næring- og boligområde, noko som er meir enn fjerdedelen av heile arealet i landet som det er lov til å omdisponera. NVH har tidlegare påpeika dette i høyringsuttale om plan for oppstart av reguleringsplan for Liland (vedlagt). Forslag om å bygge ned LNF-areal står i motsetning til mål om vern av dyrkbare ressurser. I ettertid er behovet for omdisponering av dyrka jord på Liland redusert frå 500 til 300 daa.

Ein annan del av det omdisponerte LNF-areale i BLÅE-planen omfattar gnr 107, bnr 33. Rett nok er det «berre» 60 daa, men til gjengjeld omfattar det fulldyrka jord og gartneri med drift- og veksthus som er i drift. Bruk 33 grensar i aust til våtmarksområdet kring Vestretjøna. Den aktuelle eigeiendomen, dvs. Helge Kronheims gartneri med innmark er den siste gartneribedrifta som det tidlegare var mange av i Ytrebygda, der det har vore drift like til BLÅE-planen kom på bordet. Den representerer ein viktig del av Fana-kulturen, der produksjon av mjølk, grønsaker og andre lokale landbruksprodukt til Bergen spelte ein viktig rolle. Difor meiner NVH at bruk 33 med sitt veksthusanlegg må karakteriserast som eit kulturminne, i tillegg til at det også har potensiale til å bli ein møteplass for folk i Ytrebygda, med produksjon av lokal mat og blomster, og demonstrasjon av slik produksjon, i staden for å bli eit næringsareal med lagerbygg utan menneskeleg aktivitet, slik reguleringsplanen går ut på.

**NVH meiner at sidan eigeiendomen gnr 107, bnr 33 framleis (2022) er intakt, må det gå an å omdisponera han tilbake frå næringsformål til LNF-område, i samsvar med intensjonane i FN sitt tiår for naturrestaurering (2020-30)**

**Samla belastning.** I tillegg til dei særlege grunnane som er knytt til gnr 107, bnr 33, vil vi påpeika omsynet til samla belastning. I området rundt flyplassen legg BLÅE-planen opp til eit urimeleg stort press på jordbruksareala (sml vedlegg), men også på verneverdige naturtypar og kulturminneverdiar (bygningar, gardsanlegg, vegar, kystkultur). Den vil også føra til ei uheldig opphopning av næringsområde og -arbeidsplassar, noko som i sin tur vil føra til auka pendling frå andre bydelar, som igjen vil gi auka utslepp av klimagassar.

**Konklusjon.** Av dei nemnte grunnane går Naturvernforbundet Hordaland (NVH) inn for at det omsøkte arealet av gnr 107, bnr 33 blir definert tilbake frå næring til LNF-område i BLÅE-planen, og at den planlagde omkjøringsvegen omkring Blomsterdalen ikkje grip inn i verneverdiane i Vestretjøna og det tilgrensande jordbruksområdet på bruk 33. Det må vera ein buffersone rundt vatnet på minst 30 meter. Liknande krav bør stillast til den framtidige turvegen på austsida av Ådlandsvatnet (sml vedlegg)

Med venleg helsing  
For Naturvernforbundet Hordaland  
[hordaland@naturvernforbundet.no](mailto:hordaland@naturvernforbundet.no)

Gabriel Fliflet  
leiar

Oddvar Skre  
saksbehandlar

Kopi til

- Fylkesmannen i Hordaland
- FNF-Hordaland

Vedlegg:

- Klage på BLÅE-planen frå FNF-Hordaland
- Høyringsuttale til reguleringsplan for gnr 107, bnr 33
- Kart over BLÅE-planen med Vestretjøna (1), bruk 33 (2) og turvegen (3). Omkjøringsvegen innteikna som raud strek.
- Luftfoto av Vestretjøna og bruk 33 med omkjøringsvegen innteikna som raud sone (foto Norconsult).